

SOSIOLOGISK POLIKLINIKK  
RAPPORT 17-1

På oppdrag fra  
Sør-Trøndelag fylkeskommune

Evaluering av Trøndersk  
Klimamesterskap 2017

Tarjei Hanken  
Thomas Ueland Torp  
Tor Anders Bye

SOSIOLOGISK POLIKLINIKK  
POST@SOSPOL.NO • TLF: 918 97 611  
BRATTØRGT 8 • 7010 TRONDHEIM

## Forord

Sosiologisk Poliklinikk vil takka Sør-Trøndelag fylkeskommune for et spanande oppdrag. Denne rapporten gjennomgår resultata og er forfatta av Tarjei Hanken (prosjektleiar), Thomas Ueland Torp og Tor Anders Bye. I tillegg har Kjell Martin Holt, Maia Minde, Marianne Skaar og Martin Loeng medverka på intervju og transkribering. Oda Bjørnevik Håheim, Nina Helen Aas Røkkum og Aksel Tjora har delteke på kodingsarbeid. Aksel Tjora har gått gjennom og kvalitetssikra rapporten.

Vi vil takke lærarane Tove Wiig (Charlottenlund VGS), Are Grytdal (Melhus VGS), og Dag Ulvestad (Katedralskolen) som bidrog til at vi kunne gjennomføre fokuserte gruppeintervju blant elevane. Ducky skal ha stor takk for å ha initiert samarbeidet.

Trondheim, 21. september 2017

Innhald	
Forord.....	1
Om prosjektet.....	3
Metode .....	3
Spørjeundersøking .....	3
Demografi .....	4
Fokuserte gruppeintervju .....	5
Resultat .....	6
Korleis det var å bruke Ducky.no .....	6
Gløynde å loggføre .....	8
Skulle ha vore ein app.....	9
Det skjer på skulen – ikkje heime .....	9
Sosialt miljø utanfor skule og familie.....	11
Konkurransen som motivasjon .....	12
Konkurransen mellom klassene .....	15
Juks .....	16
Endringar i haldning, handling og kunnskap .....	18
Interesse og haldning .....	18
Åtferd .....	20
Kunnskap .....	22
Kunne sjå framgang .....	23
Diskusjon og konklusjon.....	23
Referansar .....	25

## Om prosjektet

Sosiologisk Poliklinikk har i samarbeid med Ducky og Trøndersk Klimaråd fått i oppdrag å evaluere pilotprosjektet Trøndersk Klimamesterskap 2017. Meisterskapet er sett i gong for å engasjere vidaregåande elevar i Sør-Trøndelag til å gjere ein større innsats for miljøet. Totalt hadde meisterskapet 1689 registrerte deltakarar fordelt på vidaregåande skular i fylket.

Trøndersk Klimamesterskap er eit pilotprosjekt i samarbeid med Ducky og Klimaråd Sør-Trøndelag.

Vi kan konkludere med at Trøndersk Klimamesterskap har hatt ein positiv effekt på elevanes forhold til klima og berekraft. I løpet av kampanjen rapporterer elevane at dei er blitt meir interessert i klima, og har gjort fleire tiltak i løpet av konkurranseperioden enn dei ville gjort elles. Den største utfordringa for elevane har vore å hugse på å loggføre aktivitetar utanfor skulen, så effekten ville vore betre om tenesta til Ducky hadde støtte for påminningar og var enklare tilgjengeleg for elevane via smarttelefonen.

## Metode

I vår evaluering av Trøndersk Klimamesterskap har vi valt å bruke både kvantitativ og kvalitativ metode. Dette er gjort for å fange opp forskjellige typar informasjon som blir gjort tilgjengeleg ved forskjellige framgangsmåtar. Den kvantitative delen av undersøkinga bestod av to spørjeundersøkingar (survey) sendt ut til elevar som har deltatt i Trøndersk Klimamesterskap, gjennomført i forkant og etterkant av deltakinga. Den kvalitative delen består av ein rekke gruppeintervju med gjennomført under og rett etter meisterskapet.

### Spørjeundersøking

Den første spørjeundersøkinga var delt opp i tre hovuddelar. Elevane blei bedd om å svare på spørsmål om sine haldningar til miljø og klima, sine vaner rundt klimasparande handlingsmønster, samt nokre spesifikke kunnskapsspørsmål formulert av Ducky. Spørsmåla i etterundersøkinga baserte seg på forundersøkinga slik at det er mogleg å samanlikne resultatata frå før og etter meisterskapet. Spørsmåla om handlingsmønster frå første undersøking vart endra til å gjelde kor ofte dei hadde gjort desse tinga under klimameisterskapet. I tillegg hadde etterundersøkinga ein ny del om erfaringar med klimameisterskapet, og nokre tilleggsspørsmål i haldning og vane om korleis klimameisterskapet hadde påverka elevane på desse områda.

Forundersøkinga vart delt med lærarar på vidaregåande skular i Sør-Trøndelag som blei bedt om å sete av litt tid i ein skuletime for å la elevane svare. Etterundersøkinga blei delt med alle som hadde oppretta ein profil på Ducky.no og deltatt på klimameisterskapet.

Optimalt sett kunne svar frå runde 1 og 2 vore koplade direkte saman på individnivå, slik at vi kunne spora endringar hos respondentar som gav svar i begge rundane, men av tekniske og administrative grunner var ikkje dette gjennomførbart. Svara er derfor frikopla frå kvarandre, slik at vi berre kan seie noko om gruppene som svarte før og etter som heilheit.

Første runde av undersøkinga vart sendt ut til skular i Sør-Trøndelag 10. april slik at undersøkinga kunne starte rett etter påskeferien. Andre runde vart sendt ut til alle deltakarane i Trøndersk Klimamesterskap 26. mai, etter konkurransen var over.

#### Demografi

Samanlagt bestod den kvantitative undersøkinga av i alt 692 svar. 671 av desse hadde fylt ut heile undersøkinga, medan dei resterande 21 ikkje svarte på kunnskapsspørsmåla - 17 i første runde, 4 i andre. Respondentar som mangla svar på andre delar av undersøkinga enn kunnskapsspørsmåla blei ikkje tatt med i analysen.


Av dei 692 svara var 478 frå forundersøkinga og 214 frå etterundersøkinga. Av dei 214 frå etterundersøkinga svarte 120 at dei også hadde svart på forundersøkinga. At det var under halvparten så mange svar i etterundersøkinga som i forundersøkinga er ikkje optimalt.

Mengda svar er likevel tilstrekkeleg til å kunne gi ein analyse, sjølv om det aukar usikkerheitsmarginane i resultatane. 407 (59%) av respondentane seier dei er kvinner, og 266 (38%) at dei er menn. Dei resterande 19 har ikkje ønska å oppgi kjønn, eller identifiserer seg som "annet". Fordelinga mellom kjønna på for- og etterundersøkinga er nokolunde lik, med litt fleire kvinner i etterundersøkinga (62%).

459 svar (66%) av svara vi fekk var frå elever på førstetrinnet, og 145 (21%) frå andretrinnet. Kun 88 svar (13%) kom frå tredjetrinnet. Her er det ein merkbar forskjell mellom for- og etterundersøkinga. Under 5 prosent av svara i etterundersøkinga kom frå tredjeklassingar, mens andelen andreklassingar heldt seg stabil. At færre tredjeklassingar svarte i andre runde var eigentleg å forvente, da denne blei gjennomført i slutten av mai, midt under tredjeklassenes eksamens- og russetid.

Tilsvarande var det også eit markant dropp i deltakarar frå yrkesførebuande studiar i etterundersøkinga. Mens 14 prosent av svara i forundersøkinga var frå studentar på

yrkesforberedande, var kun 6 prosent av svara det i etterundersøkinga. Av den grunn vil vi ikkje ta for oss nokon samanlikning mellom yrkesforberedande og studieforberedande linjer i denne undersøkinga.



Figur 1 Fordelinga av respondentar mellom skulane i Sør-Trøndelag.

Dei som svarte på undersøkinga i begge rundande kom i hovudsak frå 7 vidaregåande skular, der 4 er skular i Trondheim: Charlottenlund (157), Byåsen (114), Melhus (114), Orkdal (90), Trondheim Katedralskole (66), Thora Storm (50), Oppdal (47).

### Fokuserte gruppeintervju

For å finne ut meir om elevane sine eigne perspektiv og meiningar om Trøndersk Klimamesterskap tok vi i bruk *fokuserte gruppeintervju*. Dette vil seie intervju i grupper med fleire elevar samla (vanlegvis 6-7 i kvar gruppe) (Tjora 2017). Vi følgde ein fokusert intervjuguide som tar for seg tema vi er interessert i: Ducky.no som plattform, konkurransen som motivasjon, og det sosiale rundt meisterskapet. Gruppeintervju eignar seg godt til å utforske erfaringane informantane har hatt med eit bestemt fenomen, sidan diskusjonar og openbaringar oppstår ettersom dei minner kvarandre på situasjonar dei har opplevd.

Rekruttering til gruppeintervju blei gjennomført via e-post til kontaktpersonar ved vidaregåande skular i Trondheim som har deltatt i klimameisterskapet. Totalt har vi intervju 7 elevgrupper med 6-7 elevar kvar, fordelt over tre skular: Melhus VGS, Trondheim Katedralskole og Charlottenlund VGS. Alle gruppeintervjua er blitt utført på skulane, forutan intervju med Trondheim Katedralskole som er utført i lokalet til Sosiologisk Poliklinikk.

I alle intervju er det gjort lydopptak, som seinare har blitt transkribert og anonymisert. Alle lydopptak har blitt sletta etter fullført transkribering.

I etterkant av transkripsjon har intervjuer blitt koda ved bruk av programvara HyperRESEARCH, der alle enkeltsitat eller replikkvekslingar mellom elevane av interesse er blitt markert og tildelt ein egen *kode* (ein eller to oppsummerande setningar som fangar opp det sentrale argumentet). Vi genererte i alt 150 kodar, som vidare blei sortert inn i egne kodegrupperinger, basert på tematisk tilhøyrslse. Vi endte opp med følgjande grupperingar: 1) Gløymde å delta, 2) Konkurransen, 3) Se at det hjelper, 4) Det sosiale og å motivere kvarandre, 5) Utanfor vår kontroll og dissonans, og 6) Det er stort - vanskeleg å redde hele verden. Desse 6 kodegruppene representerer kvar sin distinkte tematikk innanfor vårt datamateriale som røyver klimameisterskapet.

## Resultat

Korleis det var å bruke Ducky.no

Kvar klasse blei instruert til jamleg å besøke nettstaden Ducky.no og loggføre dei klimatiltaka som dei har gjort i løpet av dagen. Desse aktivitetane varierer frå enkle tiltak, som å skru av lyset når ein går ut av rommet eller dusje kortare, til større tiltak som endringar av transportvaner eller diett. Alle aktivitetane har ein kort beskriving av kva dette inneber, samt ein forklaring for korleis dette påverkar miljøet. Til saman reknar nettstaden ut kor mange *kilo CO<sub>2</sub>-ekvivalentar* brukaren har spart ved å utføre desse tiltaka. I Trøndersk Klimamesterskap konkurrerer elevane i å spare mest mogleg kilo CO<sub>2</sub>-ekvivalentar og blir rangert både på individnivå, klassenivå og mellom skulane i Sør-Trøndelag.



Bilete 1 Klimatiltsk som illustrert på nettstaden Ducky.no.

Eleven i sitatet nedanfor forklarar konkurransen på ein nokolunde detaljert måte. Slike framlegg kan gi ein indikasjon på at elevane har forstått både nettstaden og konkurransens formål:

Ja, det er jo ein nettside som heter Ducky, hvor du får ein kode for klassen din, så registrerer du deg. Også er det ulike gjøremål i løpet av dagen, hvis du dusjer mindre enn fem minutt, hvis du kildesorterer alt av avfall, hvis du sykler til skolen, eller går til skolen. Og så er det ulike mengder CO<sub>2</sub> du sparer på de ulike aktivitetene. Og så ser du hvor mye du har spart, og hvor mye klassen har spart. Også får du litt oppdateringer etter hvert. At dere har spart et område tilsvarende det her og det her.

At elevane ser ut til å forstå nettstaden kjem også fram av undersøkinga gjort i etterkant av meisterskapet. 84% rapporterer at nettstaden er enkel eller veldig enkel å bruke, og 81% seier det same om å logge aktivitetar. Eit fåtal svarar at det er vanskeleg eller svært vanskeleg å forstå nettstaden (5,5%) og loggføre aktivitetar (6,5%). I vårt utval er det snakk om nokre få elevar. Dei aller fleste synast likevel at Ducky.no var enkel å forstå.

Sjølv om nettstaden er enkel å bruke, rapporterer likevel fleire av elevane at det var eit *tiltak* å logge aktivitetar. Heile 47% svarer at dette er i stor eller svært stor grad var eit tiltak. 32% av elevane meinte det i nokon grad var eit tiltak, mens 21% synast det ikkje var noko spesielt stort tiltak å logge aktivitetar. Sjølv om elevane synast at Ducky.no var ein enkel nettside å bruke, strevde ein betydeleg mengde elevar med å faktisk gjennomføre loggføring av egne aktivitetar.

Den største grunnen til at logging oppfattast som eit tiltak kjem i stor grad av at dei måtte manuelt besøke nettstaden Ducky.no gjennom ein nettlesar for å loggføre aktivitetar. Dette gjer at det skapast ein ekstra barriere for å delta i meisterskapet: “Men da må vi gå inn på nettsida, og det blir ekstra tiltak på ein måte”. Dette ekstra tiltaket aukar terskelen for å logge aktivitetar sjølv om eleven faktisk har gjennomført eit klimatiltak.



Gløynde å loggføre

Fleire elevar trekker fram det å hugse på å loggføre aktivitetar som det mest utfordrande med heile klimameisterskapet:

**Elev 1:** “Den personlige innsatsen kunne nok vært bedret noen hakk, ja. Bare det å huske på å måtte krysse av, da hadde jeg gjort det mye bedre da. For jeg krysset bare sånn fire dager, tror jeg.”

**Intervjuar:** “Fordi du glemte det?”

**Elev 1:** “Fordi jeg glemte det, ja.”

**Elev 2:** “Det tror jeg var det største problemet. Å glemme av å krysse.”

Sjølv om akkurat denne eleven refererer til ein mangel på eigeninnsats, så skuldar dei fleste informantane på ein mangel av eksterne påminningar når dei forklarar kvifor dei ikkje hugsar på loggføringane. Nokre elevar fortel at andre elever med jamne mellomrom gav dei munnlege påminningar, men desse avgrensa seg meir eller mindre til klasserommet. Enkelte meinte også at skolen, gjennom lærarane, burde ta større ansvar for å opplyse om meisterskapet og minne elevane på å loggføre egen aktivitet. Fleire etterlyser ein varslingsfunksjon som gir påminningar om å gå inn og loggføre aktivitet utan at det går for lang tid mellom kvar loggføring:

«Og så varslingene.. de kunne kommet med noen varsel, at man kunne skru på varslet inne på den nettsiden sånn at det hadde kommet opp varsler på PC-en.»

«Det var kanskje en påminning å være med på det, men og så glemte man litt at man måtte inn og loggføre også. Det var et problem, at vi kanskje kunne lagt inn en varsel "du må huske å loggføre hva du har gjort". Men samtidig blei du jo mer obs på at du måtte huske på å gjøre ting litt mindre på en måte.»

På besøk hos Charlottenlund vidaregåande observerte vi korleis infoskopmaner som var plassert rundt omkring fellesområda blei tatt i bruk til å gi informasjon om meisterskapet. Under gruppeintervju med elevane kom det fram at statistikken som var oppgitt på skjermene ikkje var oppdatert på fleire dagar og at rangeringane mellom klassene hadde endra seg sidan då. Dette kjentest skuffande for elevane som kunne ønskje at skulen og lærarane engasjerte seg meir i klimameisterskapet. Fleire av elevane føreslo enkle grep for å motivere undervegs i meisterskapet, som at læraren tar det opp i klassens time eller skriv jamleg på tavla.

Skulle ha vore ein app

Det mest populære forslaget som elevane nemnde, som skulle kunne minne dei om meisterskapet og registrering er ved å bruke ein *app* til smarttelefonar:

«Lag en app, og sånn der Ducky-greier på tavla og [infoskjermene som henger rundt på skolen].»

«Hvis de hadde laget en kul app som hadde gitt deg påminningar kvar dag, så hadde det funket. Men de har bare nettside. Litt vanskeleg å gjøre det da.»

«Det bør være en app. Og så få sånne varsler.»

Dette er også nokon av dei mest hyppige forslaga som er sendt gjennom tekstfeltet i den kvantitative delen av undersøkinga:

- Lag app, send push-varsler
- Det hadde vært enklere å huske å loggføre hvis ducky var en app med varsler
- Skulle vært en app
- Lag en app der du får varsel om å loggføre hver dag. Jeg vet at jeg ukentlig gjør klimatilak, men glemmer å loggføre dem

I tillegg til å fungere som ein påminning om å delta, er telefonen også den mest naturlege måten å loggføre aktivitetar på for ungdommane: “En app synes jeg hadde vært en god idé, hatt det på telefonen, den bruker vi 24/7.” Sjølv om nettstaden Ducky.no fungerte bra på telefon, kjentest det som eit ekstra tiltak å måtte gå inn via nettlesaren. Elevane ønskjer seg ein enkel måte å loggføre aktivitetar etter kvart som dei gjer dei slik at dei ikkje gløymer dei i ettertid. Det å måtte besøke ein nettstad gjennom nettlesar på mobil eller datamaskin hevar terskelen for å loggføre fleire gongar om dagen.

Det skjer på skulen – ikkje heime

Trøndersk Klimamesterskap er i stor grad noko som skjer på skulen, og helst i skuletimar som omhandlar tema som inngår i meisterskapet, eller hos ein lærar som er personleg engasjert i konkurransen. Meisterskapet er gløynd så snart elevane drar heim for dagen så lenge det ikkje er noko anna som minner dei på det:

«Vi har tatt det opp i klassens time ja. Men hvis det kommer til media og reklame og sånn, så så jeg aldri noe mye av det utenfor skolen, eller utenfor klassens time. Så hvis det hadde blitt markedsført litt bedre, så hadde flere kanskje deltatt.»

«Og så er det litt vanskeleg, man sitter ikke hjemme og tenker at nå skal jeg loggføre det jeg har gjort på Ducky. Det er litt mer sånn serier og slikt.»

Klimameisterskapet er altså noko som er forbeholdt klasserommet som *offentleg* møteplass, og reknast ikkje som ein del av elevanes egen privatsfære. Dermed blir ikkje klima- og miljøproblematikk ein del av kvardagen til trøndersk ungdom. Trøndersk Klimamesterskap er, i kraft av kvar det blir promotert og kven som promoterer det, ein del av skolekvardagen, og separert frå elevanes fritid og egne arenaer utanfor denne.

«Jeg tror ikke det er noe vi sitter og snakker om rundt middagsbordet nei. Det er mest sånn vi forbinder med skolen tenker jeg. For det er her vi har fått all informasjonen, og jeg tror de fleste har trykket seg inn på Ducky på skolen.»

Ved å bruke middagsbordet som døme, illustrerer elevane på ein elegant måte at dette er noko som ikkje er tatt opp med føresette. Blant dei intervjuva var det eit fåtal som hadde fortald om Trøndersk Klimamesterskap og Ducky.no heime. Dette kan indikere at dei aller fleste elevane ikkje fører nokon god, samanhengande dialog med familien om klima- og miljøspørsmål.

Til tross for at intervjuva gir inntrykk av at klimameisterskapet ikkje har nokon plass i privatsfæren, rapporterer derimot ein overveldande 43% at dei har diskutert klima og berekraft med familien kvar veke, og hos over halvparten av disse (23% av utvalet) har klima og berekraft vært eit samtaletema opp til fleire gongar i veka. Eit fåtal (8%) rapporterer at det faktisk har vært eit dagleg tema, noko som ikkje nødvendigvis betyr at dei har diskutert klimameisterskapet spesifikt, men at klima og berekraft likevel inngår i ein lengre og samanhengande dialog mellom familiemedlemmer.

Elevane brukar likevel foreldre eller føresette som unnskyldning for at dei ikkje har kunne utført visse klimatiltak, slik som å prøve ein kjøttfri dag:

**Intervjuar:** Er det noko som betyr mykje for dykk, som er vanskeleg å kutte ut?

**Elev 1:** Æhh, kjøtt.

**Intervjuar:** Personleg eller pga. familie?

**Elev 2:** Mest familie. Og det er vanskeleg å gjere, eller det er lett å gjere noko med ditt eige kosthald, men kanskje ikkje middag i hvert fall. [...] Det er på ein måte ikkje ditt val, så det må man berre godta på ein måte.

**Intervjuar:** Trur dykk det hadde vore enklare å ha fått til kjøttfrie dagar viss dykk hadde prata om det?

[Fleire rundt bordet seier seg einig.]

Problemstillinga rundt kjøtt er eit av dei hyppigaste tema i intervju, der elevane brukar dette som døme på element i konkurransen som er utanfor deira kontroll. Ungdommane er ikkje dei som styrer familiens finansielle ressursar, innkjøp av matvarer eller lagar familiemåltida på dagleg basis, slik at avgjersler om ein kan ete kjøtt eller ikkje overlatast til andre enn dei sjølv. Veldig få av dei intervjua elevane hadde tatt opp sjølve klimameisterskapet i samtale med familien.

Sosialt miljø utanfor skule og familie

Det sosiale miljøet bidrar likevel til at deltakinga i klimameisterskapet aukar. Gjennom intervjua gav elevane inntrykk av at dei som var mest engasjert i konkurransen også hadde ein vennegjeng som var opptatt av å gjere det bra i konkurransen:

«Vennene mine på skolen var med på Ducky, så de var sånn “husket du å skrive inn i dag”, og veldig mye miljøsnakk da i den perioden vi drev på med aktivitetene da. Så det gjorde jeg litt mer bevisst da. For de er også ganske engasjert.»

Å ha ein vennegjeng med stor interesse for enten klima og bærekraftspørsmål eller å vinne konkurransen kan utgjere ein svært viktig faktor for den eigeninnsatsen kvar enkelt elev legg inn i klimameisterskapet. 44% av deltakarane i etterundersøkinga rapporterer at venner og medelever enten i stor eller veldig stor grad oppfordra dei til å delta og logge, og ytterlegare 21% rapporterer dette i nokon grad. I tillegg rapporterer 20% også at dei sjølv jamleg oppfordra venner og medelever til å gjere klimatiltak, mens hele 47% rapporterer at dei hadde gjort det nokon gongar.

Til tross for positive tall så bærer også den sosiale faktoren preg av at det er noko som først og fremst skjer på skulen og ikkje i fritida der man gjerne fokuserer på andre ting. Nokon av elevane nemner også helgene, og korleis det vart vanskelegare å hugse på klimameisterskapet når vennegjengen ikkje er samla:

**Elev 1:** Ja, eller det var jo på skolen da, da sa alle at “gå og logg på Ducky”. Men eg gløymde det i helgene og sånn da.

**Elev 2:** Ja helgene var vanskeleg. Når du ikkje hadde nokon rundt deg som sa at “nå må du huske å”, ja. For vi backet opp kvarandre for å huske på at vi måtte huske på å logge alt vi hadde gjort.

I den statistiske etterundersøkinga svarer litt over halvparten (57%) av elevane at dei har logga helgeaktiviteter i det heile tatt. Dette støtter tanken om at klimameisterskapet er noko som i stor grad finner sted i skulegarden, noko også spørsmåla om kor ofte dei har diskutert klima og berekraft med venner bærer preg av.

34% av elevane seier dei har diskutert med venner på skolen fleire gongar i veka eller oftare, 21% har diskutert det kvar veke. Til samanlikning har 15% diskutert klima og berekraft med venner i *fritida* fleire gongar i veka, og 15% at dei har diskutert det kvar veke. Sjølv om temaet ikkje tas opp like ofte i fritida så indikerer nokon av elevane at det kan flyte over frå skolen og over i fritida, berre det snakkast om ofte nok:

«Ja, jeg føler at hvis det blir tatt opp nok, så får man det etter kvart litt inn i hodet da, og da blir jo noen kompisar påvirket, og da begynner dei å gjere det, og da hermer du etter kompisene dine og da blir det også sånn.»

Elevane verker å vere klar over sitt eige potensiale til å bringe klima- og miljøspørsmål inn i privatsfæren og diskutere disse også utanfor når det er påkravd av dei. Eleven ovanfor verker også å anerkjenne kva for påverknadsgrunnlag vennegjengen kan ha på individuell innsats i klimameisterskapet, og innrømmer implisitt at han/ho sjølv også ville falt for eit potensielt gruppepress.

#### Konkurransen som motivasjon

Heilt sentralt for klimameisterskapet er sjølvve konkurransen som følgjer med det å loggføre eigen aktivitet sett i samanheng med berekraft. På spørsmål om konkurransen fungerte som motivasjon svarte fleirtalet (42%) at dei i “nokon grad” synast det, 31% svarte i enten liten eller svært liten grad synast det, mens berre 27% synast at det var motiverande i stor eller

svært stor grad. Alternativt kan dette tolkast som at hele 69% var nokolunde positive, men kun ein mindre del av elevane såg konkurransen som ein sentral motivasjon.

Måten rangeringane mellom klasser er framstilt på ser ut til å vere likt av elevane. 85% synast oversikten over korleis dei sjølv og klassen gjorde det i konkurransen var i stor eller svært stor grad enkel å forstå. Berre 7,5% synast den var vanskeleg eller svært vanskeleg. For 31% av elevane var ikkje konkurranseaspektet av meisterskapet viktig for motivasjonen, men tala fortel oss ikkje om dette skuldast ein *negativ* haldning til konkurranseaspektet, eller om dei ikkje blei motivert i det heile tatt. Ein nærliggande tolking kan vere at dei som svarte “i svært liten grad” også bar ein negativ haldning til konkurranseaspektet. Blant dei som synast at konkurransen var motiverande, kan det tyde på at rangeringsordninga på Ducky.no var eit samlingspunkt, og da sær plasseringa mot toppen av lista:

**Elev 1:** Og så var det sjølv sagt mykje betre når det var tabellar over kven som ligg på første og så vidare (fleire ler). Da blir det litt meir konkurranse. Det hjelper på det også.

**Elev 2:** Du får litt motivasjon, liksom.

**Elev 3:** Konkurranseninstinkt.

**Intervjuar:** Kven konkurrerte dykk mot?

**Elev:** Det var han (peiker) som vant da! (alle ler litt – positivt)

Men sjølv om dei mest konkurranseorienterte elevane verdsette både sin egen og klassens posisjon i konkurransehierarkiet, anerkjenner dei at konkurransen også kan ha ei baksida for enkelte som ikkje ligg på toppen av rangeringslista:

**Elev 1:** Ja, du så jo lista. Du føler du bidrar ganske mykje når du ligger på tredjeplass, ikkje sant. I forhold til andre. Du såg jo kvar dei andre låg.

**(Elev i bakgrunnen):** Herregud.

**Elev 1:** Du såg kven som låg nedst - ikkje for å gjere noko mot dei, men du så kven som låg nedst.

**Elev 2:** Skal du døm dei da?

**Elev 1:** Nei, du skal ikkje dømme dei. Men du så kven som låg nedst.

**Elev 2:** Så du dømte dei.

**Elev 3:** Du dømte dei ja.

Konkurransens mål er retta mot eit moralsk etos om å redde/forbetre miljøet, og konkurransens utfall inngår derfor også i eit moralsk hierarki, der dei som har gjort det best i konkurransen også har gjort det største bidraget i å redde miljøet. Det er derfor ikkje berre snakk om at dei øvre sjikta har vunne mot dei nedre med sitt bidrag, men at deira bidrag i og for seg er betre og moralsk sett overlegent dei nedre. Det er verd å påpeike at i det intervjuet det førre sitatet kjem frå virka dette som eit humoristisk meint utsegn. Likevel kan desse haldningane bidra til å drepe motivasjonen blant dei elevane som ligg lengre nede på lista. Nokre elevar uttrykte ønske om å skjule dei lågaste resultata, og heller vise fram topp tre.

**Elev 1:** Nei nettopp. Da kan du jo gjere noko med det.

**Elev 2:** Du vil jo ikkje vere nederst.

**Elev 1:** Eg låg jo nederst ein periode.

**Elev 3:** Synes det er betre å vise topp tre enn å vise alt.

For andre elevar virka denne rangeringa som ein motivator for å gjere det betre slik at dei ikkje lengre låg nedst. Dermed får konkurranseaspektet ikkje berre eitt eksplisitt mål, altså å oppnå topplassering, men også eit implisitt mål om å unngå bunnplassering for dei elevane som ligg dårlegast an i konkurransen. Innanfor denne tankegangen kan det å bli plassert nest-nedst, til tross for at dette i det store og hele er ein dårlig plassering, likevel tolkast til å bety seier nettopp fordi man ikkje er dårlegast. Slik får konkurransen to motpolar, og omdefinere ortodoksien om at plasseringane mot nedre halvdel av hierarkiet er utan unntak negative.

**Elev 1:** Det blir jo det same som at viss du spiller fotball og ligg nederst, så trener du for å bli betre. Du gir jo ikkje opp.

**Elev 2:** Jo, eg gjer det.

**Elev 3:** Du vil jo heller ikkje ha det på ein liste, at du ligger nederst på lista.

**Elev 1:** Derfor må du jobbe deg opp igjen.

[...]

**Elev 1:** Du må jobbe deg opp. Og det er det som er motiverande for at du skal ha noko å jobbe deg opp mot. Viss du er øverst har du ikkje noko å jobbe deg opp mot.

**Elev 2:** Man kan alltid bli betre.

**Elev 3:** Alle startar jo likt, så det er jo berre å gjere ein innsats.

**Elev 2:** Alle startar ikkje likt i fotball.

#### Konkurransen mellom klassene

Fleire elevar var opptatt av korleis deira eigen klasse vart rangert i meisterskapet i forhold til andre klasser på skulen. Ein elev som forklarar korleis nettstaden rangerer klasse uttrykker også misnøye med korleis ei parallellklasse ligg ann (“De ligger jo *myyye* høyre enn oss nå”). Konkurransen mellom klasser skapar ein foreinande effekt som gjer at fleire vil bidra med fleire klimatiltak. Korleis klassene ligg ann i rangeringa er også eit samtaleemne blant fleire av intervjugruppene.

**Elev 1:** Vi har jo spurt andre klasser om korleis dei har gjort det, og korleis dei ligg an og slik. Så viss andre klassa gjer det betre, så vil vi jo gjere det betre enn dei.

**Intervjuar:** Har det virka?

**Elev 1:** Ehm, nei. \*ler\*

**Intervjuar:** Kven er den største rivalen?

**Elev 1:** Av klassene? Det er [klasse i same trinn].

\*Litt ueinigheit frå andre\*

**Intervjuar:** Er dette ein personleg rival, eller er det dei som gjer det best?



**Elev 2:** Det er personleg trur eg.

**Elev 3:** Ja, og dei gjer det best. Dei er ganske smarte.

**Elev 4:** Trur ikkje det er så vanskeleg å trykke på sånne greier.

Konkurransenaspektet i meisterskapet bidrog også til vennleg konkurranse mellom klassene, som eit gruppeintervju med elevar frå to forskjellige klasser viser:

**Intervjuar:** Så korleis har det gått?

**Elev 1:** Eg trur vi kom foran dykk, gjorde vi ikkje det?

**Elev 2:** Vi kom på andre, dei kom på sjuande!

**Elev1:** Ydmyk.

**Elev 3 (frå den andre klassa):** Vi leda liksom heile tida, men plutselig kom dei og berre “*pshoo*”.

Juks

Nettstaden Ducky.no blir skildra som enkel å bruke av elevane. Samtidig gjer dette det enkelt å jukse gjennom overrapportering av eigen innsats. Sjølve konkurransen bygger på ein gjensidig tillit mellom elevane som deltakarane og arrangørane som tilseier at kvar enkelt elev er forplikta til å rapportere akkurat kor stor innsats dei legger inn i konkurransen.

I denne utgåva av Trøndersk Klimamesterskap eksisterte det ikkje nokon måte å avdekke juksing. Dette ser ut til å ha blitt lagt merke til av elevane, som peikar på juks som ein demotiverande faktor for å delta i meisterskapet:

**Elev 1:** Nei, sidan det er så enkelt å logge, og det er ganske enkelt å jukse og man vil vinne, bere for å vinne.

[Fleire er einig]

**Elev 2:** Du kan ikkje sjekke at du verkeleg har gjort det. Men det er jo vanskeleg å få til og. Å kontrollere det.

**Elev 3:** Eg trur at det som var litt dumt, det var at fleire begynte å jukse slik at klassen skulle vinne. Så det var både positivt og negativt.

I historiene gjenfortald av informantane er det gjerne “den andre klassa” som driver med juks, mens informantanes eigen klasse har vore stort sett ærlege når det gjeld rapportering. Dette kjem godt fram i dei gruppeintervjua der informantane snakkar om konkurranse med andre klasser. At juks blir eit problem som alltid gjelder “dei andre” men aldri “oss og vår klasse” trenger derimot ikkje tolkast som skuldingar mot konkurrerande klasser meint å sverte eller sette eit negativt stempel på dei elevane man konkurrerer mot. Det kan også tolkast som ein del av ein strategi der kvar klasse kollektivt konstruerer eit positivt bilde av seg sjølv som rettskafne og skyldfrie i konkurransens hete, uavhengig om skuldingane om juks objektivt sett stemmer.

Forsøk på å danne eit “juksefritt” bilde av seg sjølv kan også inngå i ein langsiktig strategi for å forklare ein svakare plassering i sjølve konkurransen. Dersom fleire av dei konkurrerande klassene faktisk jukser, og deira klasse hamnar langt ned på lista som eit resultat, kan skuldingane om juks bidra til å svekke eit bilete av at klassen ikkje gjer alt det dei kan for miljøet (eller gjer nok). Spesielt i lys av at ein konkurranse som klimameisterskapet, der kjernesaka ligg i å redusere utslepp for å redde klimaet, kan det å legitimere ein svakare plassering i meisterskapet også rettferdiggjere kvifor den respektive klassen ikkje har bidratt like mykje som dei andre (eller like mykje som dei burde ha gjort).

Desse meiningane kjem tydelegare fram frå etterundersøkinga, der det vart spurt om kva som kunne endrast med Ducky.no og kva som hadde vore dei største utfordringane i meisterskapet:

- Flere klasser jukset mens konkurransen holdt på. Dette så klassen min som veldig urettferdig,
- Ingen store problemer, men opplevde juksing hos noen klasser,
- Andre klasser jukset i stor grad, noe som var en medvirkende faktor til at min klasse ikke vant,
- Juksing av enkelte i andre klasser,
- Noen av klassene jukset, og
- Lett å jukse for de som tenker at dette er ein konkurranse mellom klasser, istedenfor en oppfordring til ein grønnere hverdag.
- Alt for enkelt å jukse. Nesten ingen gjorde de tingene, men bare loggførte at man hadde gjort det uansett.
- Det er veldig enkelt å jukse når man skal loggføre tiltakene sine. Det er noe som bør forbedres til senere.

Utan moglegheiter for å avslørejuks er det vanskeleg å verifisere akkurat kor mykje juksing som har skjedd. Ved spørsmål om kor mange av dei loggførte tiltaka som elevane faktisk hadde utført kan vi danna oss eit visst bilete. Av dei 214 som svarte på dette spørsmålet er det 93 (43%) som har logga tiltak dei ikkje har gjort i verkelegheita, ein eller fleire gongar. Av desse er det berre 7 som seier dei har rapportert falskt mange gonger, og 8 nesten kvar gong. Over halvparten seier altså at dei ikkje har juksa med loggføringane.

Det verkar ikkje å være ein spesielt stor forskjell i juks om man også kontrollerer for personleg interesse for klima og berekraft. Gitt at berre dei to sistnemnde alternativa konstituerer alvorleg juks i klimameisterskapet ender mengda av elever som jukset på cirka 7% av utvalet. Sjølv når man inkluderer "ein-gangs-forbrytarar" i denne rekninga så seier framleis over halvparten av utvalet at dei har avstått frå nokon som helst form for juks.

Sjølv om det er ein relativt låg del av deltakarane som har juksa fleire gongar er det likevel etablert ein sterk oppfatning av at juks er blitt normalisert under konkurransen. Dette skapar ein kjensle av at det er håplaut å prøve å konkurrere på legitimt vis, på grunn av at juks blir oppfatta som noko blir indirekte lønna av systemet. Dette kan føre til at elevane ser på loggføring som meiningslaust, og derfor skape ein avsmak både for meisterskapet og andre kampanjar som tar for seg klima og berekraft.

Endringar i haldning, handling og kunnskap

Interesse og haldning

Respondentane i etterundersøkinga rapporterer ein høgare interesse for klima og berekraft enn respondentane i forundersøkinga, frå eit gjennomsnitt på 4,55 til 4,98 på ein skala frå 1 til 7. Denne endringa er også statistisk signifikant. På grunn av gjennomføringa av undersøkinga er det ikkje mogleg å sjå direkte om respondentane er blitt meir interessert *på grunn av* konkurransen, eller om endringa skuldast ein *utvalseffekt* - at dei som i utgangspunktet er meir interessert i klima og berekraft i større grad har svart på etterundersøkinga.

Respondentane i etterundersøkinga blei også spurt om i kor stor grad klimameisterskapet har auka deira interesse for temaet. Her svarer 19% at dei har blitt mykje eller veldig mykje meir interessert, og 43% at dei har blitt noko meir interessert.

Interesse	Klimameisterskap gjort meir interessert				
	Ingen grad	Liten grad	Nokon grad	Stor grad	Veldig stor grad
Lite interessert	10 (4,7%)	4 (1,7%)	1 (0,5%)	1 (0,5%)	0 (0%)
Noko interessert	17 (7,9%)	27 (12,6%)	63 (29,4%)	11 (5,1%)	2 (0,9%)
Veldig interessert	8 (3,7%)	14 (6,5%)	29 (13,6%)	20 (9,3%)	7 (3,3%)

Tabell 1 Fordeling av klimameisterskapets interesseeffekt, etter interesse. Resultat frå etterundersøkinga

Sett i samanheng med svar på spørsmåla om interesse for klima og berekraft, som i tabellen over, er det ikkje urimeleg å anta at endringane i interesse skuldast ein faktisk auka interesse for temaet, og ikkje berre sjølvseleksjon. Det er riktignok ikkje mogleg å seie med absolutt sikkerheit.

Undersøkinga inneheldt også eit sett med spørsmål om haldningar til klimaproblematikken. Enkeltvariablane i denne delen viste ingen statistisk signifikante endringar mellom for- og etterundersøkinga, men vi gjennomførte ein faktoranalyse for å sjå om variablane kunne tenkast å måle ein kombinasjon av underliggande variablar. Faktoranalysen peika mot at dette var tilfellet, og indikerte at settet av spørsmål målte tre forskjellige ting: (1) haldning til om ein sjølv var ansvarleg for og måtte kutte ned i forbruk for å redusere klimautslepp, (2) at forhold utanfor direkte kontroll - industri og transport - står for hovuddelen av klimaproblemet, og (3) om klimaendringane er menneskeskapte. Ein analyse av desse skalaene viste ein signifikant endring mellom rundane for både den første og andre skalaen, men ikkje i den tredje.


Desse resultatane er noko sjølvmotseiande. På den eine sida tyder endringane på den første skalaen, som kan seiast å måle i kor stor grad man meiner man sjølv kan bidra på eit individuelt nivå, at deltakarane har blitt bevisstgjort på sin egen innverknad. Endringane i den andre variabelen tyder derimot på at respondentane i etterundersøkinga samtidig meiner at det er viktigare med endringar på samfunnsnivå.

At det ikkje er nokon endringar i haldning om klimaendringar er menneskeskapte er ikkje så relevant i denne samanhengen. Elevane som i forkant av klimameisterskapet meinte enten det eine eller andre, kan ikkje forventast å ha blitt overtydd om det motsette etter å ha deltatt i meisterskapet. Den manglande endringa tyder derimot, om noko svakt, på at utvalet i for- og etterundersøkinga er nokolunde det same, og at den auka interessa for klima og berekraft som vi ser i etterundersøkinga faktisk skyldast ein auka interesse blant deltakarane, heller enn at utvalet er forskjellig.

Etter å ha utført ein enkel regresjonsanalyse der vi kontrollerer for interessenivået til respondentane fjernast signifikansen av aukinga frå dei to første skalaene. Om det faktisk dreier seg om ein reell endring i haldningar på grunn av klimameisterskapet beror altså på i kva grad meisterskapet også har klart å auke den faktiske interessa for temaet.

#### Åtferd

Når det kjem til spørsmåla om åtferd, altså kva respondentane gjer for å spare klimaet, er det ein sterkt markant og signifikant endring i dette. Med unntak av spørsmåla om kor ofte dei skur av datamaskinen når den ikkje er i bruk, eller kor ofte dei oppfordrar andre til å gjere aktivitetar for å spare klimaet, er alle enkelttiltaka gjort signifikant oftare av respondentane i etterundersøkinga. Det å skru av datamaskinen var elles ein av dei åtferdene som frå før av var vanlegast, der 58% av respondentane i forundersøkinga sa dei gjorde dette regelmessig. Alle åtferdsspørsmåla blei satt saman til ein indeks, der verdiane gjekk frå 0 til 22 – ein verdi på 22 indikerer at respondenten gjer alle tiltaka regelmessig.



Figur 2 Hyppighet av rapportert åtferd i for- og etterundersøkinga. Markert i raudt er medianen I etterbildet til høgre ser vi at deltakarane har ein signifikant betre klimaåtferd (basert på 22 klimaåtferder), frå median på 9 til median på 13.

Grafen over viser fordelinga av en indeks av spørsmåla om åtferd, for forundersøkinga (1) og etterundersøkinga (2). Medianen er markert i raudt, og kurven som ligger over viser en normalfordelingskurve. Vi kan sjå av grafen at dei fleste både i før- og etterundersøkinga hamnar i nærleiken av midten av indeksen, men tyngdepunktet er forskuva frå den lågare til den høgare delen av midten i etterundersøkinga. Det er også betydeleg fleire som har gjort *mykje* (og altså scorar høgt), og færre som har gjort *mindre*. Ein slik endring er å forvente, både fordi klimaundersøkinga har gjort dei bevisst på kva dei faktisk har gjort slik at dei lettare kan hugse på den reelle hyppigheita, men også fordi dei faktisk har deltatt i ein konkurranse der dei har hatt eksplisitt motivasjon for å handle meir klimavennleg. Respondentane blei derfor spurt i etterundersøkinga om dei var motivert til å fortsette å gjere dei tiltaka dei hadde gjort under klimameisterskapet også etter at konkurransen var over:

Åtferd	Fortsette med tiltak gjort under klimameisterskapet				
	Vil ikkje	Liten grad	Nokon grad	Stor grad	Svært stor grad
Lite	6	5	12	6	1
Noko	3	5	43	37	12
Mykje	2	2	12	22	16

Tabell 2 Ønskjer å fortsette med aktivitetsnivå, etter aktivitetsnivå

Tabellen ovanfor indikerer at dei som hadde eit nokolunde høgt aktivitetsnivå, også rapporterer at dei ønskjer å fortsette å gjere dei tiltaka dei har gjort. Det er eit opent spørsmål om dette faktisk vil bli følgt opp, men det tyder likevel på at klimameisterskapet har hatt ein innverknad som potensielt kan ha ein varig effekt utover dei vekene sjølve meisterskapet varte.

#### Kunnskap

Kunnskap om klima- og miljøspørsmål aukar i nokon grad i overgangen frå runde 1 til runde 2 (opp 2 prosentpoeng). Endringane er nært signifikant på 0,10-nivå (0,11, da i same retning som hypotesen). Det er dermed vanskeleg å si om elevanes kunnskap om klima- og miljøspørsmål faktisk har økt. Med ein alternativ poengskala blir signifikansen 0,068 (opp 2,5 prosentpoeng). Det kan virke som at elevane har lært *noko*, men det er ikkje ein spesielt stor endring.

Om vi derimot samanliknar berre dei som faktisk har hatt undervisning om klima og berekraft under klimameisterskapet med dei frå runde 1, så er det ein signifikant forbetring i kunnskap (men framleis berre opp omtrent 5 prosentpoeng).

Kunne sjå framgang

Eit aspekt av Ducky.no som har blitt trekt fram fleire gongar av elevane er den visuelle framstillinga av klimagassar og framgang i meisterskapet. Informantar i to forskjellige intervju kallar dette å “fysisk sjå” kor mykje ein har spart miljøet:

**Intervju 1:** Det har vært underholdande. Spesielt fordi det var ei nettside der vi kunne fysisk sjå kor mange klimagassar vi har spart.

**Intervju 2:** Å fysisk sjå kva man sparer, og fysisk sjå endringane. Det må vere merkbart, for det hjelper ikkje at berre du veit det. Det er jo reelt å ha ein stad som tilseier deg ein mengde, så du kan gjere det over lengre tid, og fleire besparinger.

Omgrep som klimagassar er vanskeleg å forstå utan å ha noko å samanlikne med. Dei fleste av elevane som har vore innom Ducky.no veit at den gjennomsnittlege nordmannen er ansvarleg for omtrent 14 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, men dette kan virke som abstrakte tal og omgrep utan noko å samanlikne med. Slik elevane beskriver desse grafiske framstillingane ser det ut til at Ducky.no har lukkast med å hjelpe fram ein forståing for kva dette faktisk betyr. Samtidig kan nettstaden visualisere korleis alle kan bidra litt for å redde miljøet kan fungere i praksis.

## Diskusjon og konklusjon

Sosiologar studerer samhandling mellom menneske og samfunn og sosiale prosessar som oppstår i dette møtet. Sosiologiske perspektiv på miljø- og klimaendringar kan derfor knytast til haldningar rundt klimapolitikk, miljøtiltak som inngår i folks kvardag og korleis sosiale grupper saman konstruerer førestillingar om klima og miljø. I samheng med Trøndersk Klimamesterskap er det korleis individ kan bidra til å snu klimaendringane som står i fokus. Med eit sosiologisk perspektiv tenker vi ikkje på individet som eit fullstendig autonomt vesen som handlar utan påverknad. Vi blir påverka av andre menneske rundt oss, av marknadskreftene, og av samfunnet i sin heilheit.

I dagens forbrukarsamfunn får individet eit stadig aukande alternativ å vele mellom. Normene i samfunnet krevjar at vi tar eit val, samtidig som det blir stadig vanskelegare å vele det som er riktig (Lidskog & Sunqvist 2013). Tidlegare studiar har vist at meir informasjon eller ”propaganda” sjeldan har nokon effekt dersom “kostnaden” av klimatiltak kjennast for høg (Gåsdal & Sande 2009). Miljøtiltak må vere meir attraktive enn alternativet for at folk skal la seg freiste. Klimameisterskapet i seg sjølv kan sjåast som ein måte å gjere klimatiltak



meir attraktivt på. Dette ser ut til å vere vellukka til ein viss grad sidan fleire deltakarar seier dei er blitt meir interessert i miljø og klima. Konkurransen mellom andre klasser og skular gjer klimatiltak spennande.

Kvardagslivet er blitt kommersialisert, og berekraftige og miljøvennlege produkt må konkurrere på den same marknaden som billegare alternativ. Økonomi dukkar opp i samtalen når elevane snakkar om å handle hos berekraftige produsentar, gjerne i samanheng med moteriktige klede og enten kjøttfrie eller økologiske matprodukt.

Å vere ein bevisst forbrukar handlar ofte om identitetsskaping. Ein av elevane som vi intervjuar på Melhus VGS snakka om korleis det var “ukult” å vere interessert i klima og berekraft der ho budde, samtidig som ho spekulerte i om det var meir kultur for dette blant skulane i Trondheim by. Som individ vel elevane i stor grad det som blir sett på som verdifullt i den kulturen dei høyrer til. Elevane frå Melhus kunne rettferdiggjere ein større bruk av bil og mindre miljøvennleg handel på grunn av handlingsrammene satt av lokalsamfunnet: Med større avstandar, eit dårlegare busstilbod (som også intervjuaren erfarte på veg til og frå felten), og eit mindre handelssentrum enn Trondheim, hadde ikkje elevane der dei same føresetnadane som elevane på skular nærare Trondheim sentrum.

Også elevane frå Charlottenlund VGS snakka om forskjellane mellom dei og skulane nærare Midtbyen i Trondheim. Parkeringsplassen ved sidan av skulegarden var dekt av scooterar da intervjuarane drog dit for å intervjuje, noko som indikerer at ein betydeleg del av elevane bor eit godt stykke unna skolen og er derfor helt avhengig av scooter for å nå fram i tide. Dette blei også tatt opp av elevane i intervju, som skulda på vanskelege bussruter for dei som budde i periferien.

At miljø og klimaendringar sjeldan dukkar opp i daglegtale blant ungdommen er heller ikkje uvanleg blant populasjonen i det heile. I ein studie av kvardagslivet i ei mellomstor norsk bygd finner sosiolog Kari Marie Norgaard (2011) at klimaendringar blir systematisk snakka ned i daglege samtalar sjølv om folk stort sett har ei god forståing for farane med klimaendringar. Daglege samtalar blir kontrollert av *samtalenormer*, som bestemmer kva som er greitt eller ikkje å snakke om i visse kontekstar. Ein studie av ungdommar i Bergen viser også at det er vanskeleg for mange å visualisere noko som eksisterer langt inn i framtida (Norgaard 2011). Det er sjeldan det passar seg å snakke om klimaendringar som ofte blir oppfatta som noko som skjer over veldig lang tid. Dette blei tatt opp av nokre elevar som

meinte at man måtte slå hardare til for å få folk til å forstå, ved å vise kva som kjem til å skje med kloden viss vi ikkje endrar åtferd i dag.

Ut frå slike teoretiske omsyn kan vi konkludere med at det ikkje skal kunne vere enkelt å få ungdommane til å endre sin åtferd i betydelig grad. Når klimameisterskapet likevel lukkast i å justere åtferda og haldningane i nokon grad tyder dette på gode grunnar for å halde fram med konkurransen. Ein godt utvikla app, større merksemd blant lærarar og informasjon til heimen til elevane kan leie til betre resultat neste gong. Ein må òg leggja ein porsjon kreativitet inn mot å avgrense juks i registreringa. Med ei slik vidare utvikling meiner vi at klimameisterskapet kan bli ein av mange tiltak for auke klimakunnskap og –åtferd blant ungdommen.

## Referansar

- Gåsdal, O. & Sande, A. (2009). *Miljø og samfunn: Sosiologiske perspektiver på forholdet mellom mennesker, naturen og de menneskeskapt miljøproblemene*. Oslo: Cappelen Akademisk
- Lidskog, R. & Sundqvist, G. (2013). *Miljøsociologi*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Nordgaard, K. M. (2011) *Living in Denial Climate Change, Emotions, and Everyday Life* Cambridge MA: The MIT Press
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Akademisk

# Intervjuguide fokusgruppe (20-30 minutter)

## Oppvarmingsspørsmål

Kan dere fortelle litt om hvordan det var å delta i klimamesterskapet?  
Hva syntes dere var mest morsomt, utfordrende etc?

Hvordan tenker dere at det har gått?  
Hvor bra gjorde deres klasse det i mesterskapet?  
Er dere fornøyd med denne plasseringen? Hva kunne dere gjort annerledes?

## #1: Klima og bærekraft - spesiell vekt på dialogen om å tenke på miljø

Hva tenker dere på når jeg sier miljø/klima/bærekraft?

Hvilken rolle spiller klima og bærekraft i deres hverdag? (generelt)  
Er det viktig for dere å være miljøvennlige i hverdagen?  
Hva gjør dere i hverdagen for å være mer bærekraftig og miljøvennlige?  
Er det mange på deres alder som er opptatt av miljø og bærekraft?

I løpet av Klimamesterskapet: Har dere blitt mer bevisst på hva dere *gjør* og hva dere *kan gjøre* for å leve mer miljøvennlig? Hvordan?  
Har dere blitt klar over egne miljøverstinger? Hvilke?  
Hva vil dere ta med dere videre i hverdagen?  
Har dere endret forbruket i løpet av Klimamesterskapet? Hvordan?

Hva tror dere må til for at vi skal endre holdninger og ta valg som er mer miljøvennlige?

## #2: Konkurransen/mesterskap og sosiale medier

Har dere snakket om Ducky sammen? Med hvem? Venner, familie, lærer?  
Hva har dere diskutert?

Hva har motivert dere i Klimamesterskapet?

Har konkurransen vært en motivasjon for dere? Hvordan?  
Hvem har dere konkurrert mot? (Klassekamerater? Andre klasser? Andre skoler?) Har dere sammenlignet profiler med hverandre?  
Har dere gjort noen strategiske miljøtiltak for å klatre på konkurransen?  
Har konkurransen betydd noe for klassemiljøet? Hvordan?

## #3 Avslutningsvis

Kommer dere til å fortsette med noen av tiltakene?

Var det noen av aktivitetene i mesterskapet dere opplevde som enklere eller vanskeligere enn andre?

Har dere fått noen reaksjoner fra familien? Hva synes de om klimatiltakene deres?  
Har dere fått familiemedlemmer til å være med på miljøtiltakene? (Fks.veggismiddag)

(runde rundt bordet?)